

Aukra kommune

Aukraringen 25

6480 AUKRA

FAU

Gossen barne- og ungdomsskole

Aukra, 12.5.16

Høringsuttale frå FAU til «Framlegg til nye reviderte vedtekter for kommunal skolefritidsordning (SFO)»

FAU ved Gossen barne- og ungdomsskole har drøfta forslag til nye vedtekter for SFO i møte 12. mai 2016. FAU har følgjande tilbakemeldingar på forslaget:

1. **Grunnbemanning;** 1 vaksen på 16 born er lite. i barnehagen er det krav om 3 vaksne på 18 born, og det er ikkje stor skilnad frå siste året i barnehage til førte år på skulen. Føremålet til SFO er «...trygt omsorgs- og fritidstilbod før og etter undervisningstid i skolen.» Er det forsvarleg med den grunnbemanninga som no er foreslått?
2. **Opningstid;** Kan enkelte søke om utvida opningstid slik som før - frå 06.45 morgon og 16.45 ettermiddag? På kva grunnlag er plass-tilbodet sett til 5 dagar per veke/3 dagar per veke? Er det gjennomført ein brukarundersøking i forkant som seier noko om kva tilbod føresette ønskjer seg?
3. **Ferietilbod:** FAU stiller spørsmål ved at SFO no skal halde stengt 4 veker i sommarferien. Det er mange føresette som med 3 veker feriestengt SFO har problem med å få ferien til å gå opp, når det i tillegg kjem planleggingsdagar kor føresette må bruke feriedagane sine til å vere heime. Er det slik at elevar utan SFO ikkje kan søke om ferietilbod? Er det slik at ein *må ha* vinterferien dersom ein har behov for SFO i haustferien?

Helsing

FAU ved Gossen barne- og ungdomsskole